# Kystguiden

2025 – 2026




# Oppdag kysten av Sogn og Fjordane



Foto: Visit FjordKysten og Sunnfjord.



## NORGES BESTE KAJAKKPADLING

Med tusenvis av øyer og skjær i vakker urørt natur, er FjordKysten og Sunnfjord eit eldorado for padling. Opplev sjarmerande fiskevær, kvite sandstrender og stupbratte fjell frå kajakksetet. Har du lyst til å oppleve FjordKysten og Sunnfjord sine skjulte skattar i lag med ein guide? Sognefjord Active, Norway AdvenTURes, Sjøbris Adventures og Kvåleskajakk tilbyr guida kajakkturar.

For informasjon om stader å leige kajakk sjå **fjordkysten.no**



## BADEPERLER

Er du glad i strandliv er her fleire stader du bør oppleve. Paradisstrendene Grotlesanden, Vetvika og Refviksanden er i ein klasse for seg. Fine badestrender finn du også her:

- Kalvåg
- Sørstrand Folkepark, Florø
- Prata, Florø
- Askvoll
- Dale
- Sørbøvåg
- Hauglandsfjæra, Brekke
- Dingja
- Eivindvik
- Tausevika, Byrknes
- Sanden i Naustdal
- Hardbakke



## POPULÆRE FJELLTURAR OG KYSTVANDRING

Langs heile FjordKysten og Sunnfjord er det flotte forhold for sykkelturar. Ta med deg sykkelen på øyhopping! Her ute ligg øyane som perler på ei snor, med lite trafikkerte vegar som innbyr til fine natur- og sykkelopplevingar. Ferjer og båtar frakter deg mellom øyane, og er ei oppleving i seg sjølv. Det er også flotte forhold for sykling på fastlandet, og her kan du kombinere sykkeltur med spanande kulturopplevingar.

For informasjon om stader å leige sykkel sjå **fjordkysten.no**



## ANBEFALTE FJELLTURAR LANGS KYSTEN AV SOGN OG FJORDANE

- Veten (Måløy) 613 m.o.h.
- Hanekammen (Måløy) 652 m.o.h.
- Brandsøyåsen (Florø) 293 m.o.h.
- Store Batalden (Florø) 492 m.o.h.
- Kinn (Florø) 59 m.o.h.
- Alden (Askvoll) 481 m.o.h.
- Lihesten (Hyllestad, på bilde) 777 m.o.h.
- Pollatinden (Solund) 541 m.o.h.
- Ravnenipa (Solund) 232 m.o.h.
- Vardetur (Gulen) 546 m.o.h.
- Blåfjell (Askvoll) 533 m.o.h.

## VISIT FJORDKYSTEN & SUNNFJORD

Strandgata 30, Florø
Tel. +47 57 74 30 00 • mail@fjordkysten.no
**www.fjordkysten.no**
Fjordkysten & Sunnfjord

# KYSTEN AV SOGN OG FJORDANE

| | Servicetilbod Gjestehamner Bubilparkering | Vatn ved kai | Straum ved kai | Avfallstømming | Båtverkstad | Dusj | Toalett | Vaskemaskin | Tørketrommel | Daglegvarer/Kiosk | Diesel ved kai | Bensin ved kai | Propan/Gass | Luft dykkerflasker | Servering/Kro | Bubilparkering | Trådlaust internett |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| 1. | Måløy | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ |
| 2. | Davik | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ |
| 3. | Kalvåg | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ |
| 4. | Svelgen | ✓ | ✓ | ✓ | | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | | | | | ✓ | ✓ | ✓ |
| 5. | Florø | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ |
| 6. | Fanøy/Batalden | | ✓ | ✓ | | | ✓ | | | ✓ | | | | | | | |
| 7. | Reksta/Rognaldsvåg | ✓ | ✓ | ✓ | | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | | | | | ✓ | ✓ | |
| 8. | Svanøy | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ |
| 9. | Stavang | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ |
| 10. | Askvoll | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | | ✓ | ✓ | ✓ |
| 11. | Korssund | ✓ | ✓ | ✓ | | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ |
| 12. | Sørbøvåg – FjordKick | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | | | ✓ | ✓ |
| 13. | Hardbakke | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | | ✓ | | ✓ | ✓ | |
| 14. | Eivindvik | ✓ | ✓ | ✓ | | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | | ✓ | | |
| 15. | Skjerjehamn | ✓ | ✓ | ✓ | | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | ✓ | | | | | ✓ | | ✓ |

A til Å • atilaa.no





Velkommen til
**Kinn Hotell** – rimelig og godt

Vi tilbyr rimelig overnatting, med høy standard i rolige omgivelser. Kort vei til Florø sentrum og til flyplassen. Fri parkering og mulighet for langtidsleie. I Restaurant Borni serverer vi frokost, lunsj og middag etter avtale. I kjelleretasjen har gjestene tilgang på bruk av vaskemaskin og tørketrommel. Her finner du også biljardrom, treningsrom og badstue.




Tlf. 577 45 100 — kinnhotell.no




**Amfi Florø ligger midt i Florø sentrum og består av over 20 butikker med blant annet Burger King, Rema1000, apotek, vinmonopol og kafé.**
**Vi har 2-timers gratis parkering til både båt og bil, håper vi ses!**
**10.00 –19.00 (16.00) Enkelte butikker har eigne opningstider.**

FLORØ PARKERING




Bubilparkering:
1. Florø Stadion (Havrenesvegen 2) og
2. Florø Bil og Havneservice (Strandav. 19). Her finn du og tømmestasjon.

Flott gjestebrygge med servicehus sentralt i Florø hamn.

Velkomen til Florø – fylkets største gjestebrygge! — floroparkering.no




MÅLØYRAIDSENTERET

Tidlig morgen, 27. desember 1941; julefreden brytes med et brak. I løpet av ti minutter faller over 560 engelske bomber over Måløy. De neste seks timene er det full krig; flybomber, gatekamper og skyting fra krigsskip.

Orginale bilder og film fra raidet vises i en levende utstilling som har rørt tusener av besøkende. I tillegg er det utstillinger om Martin Linge, Kompani Linge, Tysklandsbrigaden, Hospitalbunkeren og om den vågale Shetlandsfarten.

*Sentralt plassert midt i Måløy sentrum.*
*Juni – august åpent for det meste alle dager.*

www.maloyraidsenteret.no — /måløyraidsenteret




MORO FOR ALLE ALDRE

Symjing for liten og stor • Sklie og stupetårn • Styrketrening • Spinning • Badstue • Badebrygge • Kafé • Gratis parkering

*Ta med venner og familie og nyt eit bad i fantastiske omgjevnader!*

havhesten.no

**Utforsk Måløy på egenhånd - lei elsykkel!**

Kommer du til Måløy og vil oppleve området på en fleksibel måte?
Lei en sykkel hos Turistinformasjonen!

**Info/booking - scan QR-koden!**




**Nyt vår fantastiske badstue sentralt i Florø!**



KINN DAMP

Book en badstuopplevelse hos Kinn Damp

kinndamp.com

FJORDANE FRILUFTSRÅD

SOLUND · HYLLESTAD · ASKVOLL · KINN · BREMANGER · STAD · STRYN




Solheim Diesel — MEKK Skikkelig bra greier — BestMarin

Alt du trenger til til bil, båt, hjem og fritid – 100 m fra byens gjestebrygge



## TILRETTELAGDE UTHAMNAR

| | | |
|---|---|---|
| Ålvora | N 6833559 | Ø 295772 |
| Hillersøya | N 6841071 | Ø 280013 |
| Spongavågen | N 6845154 | Ø 279818 |
| Æsøysundet | N 6835276 | Ø 276625 |

### 1. Måløy Småbåthavn

Småbåthavna i Måløy ligger sentralt plassert like ved torget og har ca 70 båtplasser.

Her er det kort veg til handlegata som byr på et stort utvalg av spennende butikker, koselige spisesteder og turistkontor. Anbefaler også det flotte turterrenget som ligger en kort spasertur unna.

Servicebygg ved gjestehavna der en også kan dusje og vaske klær. Tilgang til WIFI.

**www.nordfjord.no**





### 2. Davik Fjordparadis

Davik Fjordparadis ligg idyllisk til i Bremanger kommune ved den vakre Nordfjorden. Her finn du flott gjestebrygge med alle servicefunksjonar. Spektakulært område med flott natur og topp fasilitetar for båt og bubil. I tillegg til gjestebrygge har Davik Fjordparadis blitt kåra til Norges beste bubilplass i 2024. Det kjem folk frå heile Norge for besøke perla i Bremanger.

Her finn du også Dampen, med restaurant, pub og god underhaldning. Vi tilbyr også utleie av badstu ved sjøkanten.

Velkommen!



### 3. Knutholmen, Kalvåg

Idyllisk fiskevær med vakkert og godt bevart sjøbumiljø på Knutholmen. Moderne eksportretta fiskeindustribedrifter. 170 båtplassar i hamneområdet. Kåra til ei av 10 kystperler langs Norskekysten og ei av Norges beste gjestehamner. Badestrand nær sentrum og 25 km til Grotlesanden. Fotball- og ballplass 200 m frå gjestehamna. Ligg nært spa, galleri, treningssenter og restaurant kjend for god mat og ferske, lokale råvarer. Turstiar, rikt fugle- og dyreliv, utleige av båtar og eit hav av aktivitetar.

*Velkommen til Knutholmen for god mat og drikke!*

**knutholmen.no**

@Knutholmen @Knutholmenas

### 4. Svelgen

I tilknyting til den nye og flotte hotellhagen vår, har vi tilrettelagt for både bubilgjester og gjester som kjem sjøvegen til den flotte gjestehamna vår.

I både båthamna og på bubilparkeringa har du tilgang til straum og vatten. På hotellet kan du nytte vaskemaskin og du har tilgang til dusj, treningssenter og sauna.

**bremangerfjordhotell.no**



### 5. Florø Gjestebrygge

Florø Gjestebrygge er ei hyggeleg, god og populær gjestehamn. Brygga ligg idyllisk til, eit trossekast frå byens handlegate – Strandgata. Her finn du eit godt utval av lokale butikkar, kaféar og serveringsstader. Båtar med ulike flagg vitjar hamna kvart år for å få med seg arrangement som Sildebordet, Kinnaspelet, konsertar, hav- og fjellsportfestivalen «Våt Moro» og mykje meir. Det store badeanlegget Havhesten er populært blant småbarnsfamiliar. Florø tilbyr eit av Noregs beste gjesteservicehus. Florø har også fleire servicebedrifter som bistår fritidsflåten med vedlikehald, reparasjonar og service.

*Velkomen til Norges vestlegste by!*

**florohamn.no**



### 6. Fanøy, Batalden

Fanøy er hjartet i Batalden, øyriket vest for Florø. Med ei rik historie som strekk seg tilbake til vikingtida er denne lille øya ei sjarmerande perle, med gamle sjøhus og lune vågar.

Her finn du gjestebrygge med straum, sjølvbetjent nærbutikk som er open alle dagar, året rundt, og kort avstand til alt – øya er perfekt som både dagstur og til lengre opphald. Nyt fine turstiar til øyas flotte BirdBox med spektakulær havutsikt, eller ta turen til dei små toppane på øya med utsyn mot Kinnaklova og fjella i aust.

Øya byr på mange fine fiskeplassar, leikeapparat på skuleplassen, kajakk-utleige hos nærbutikken og fleire overnattingsmoglegheiter som Batalden Ishus og Fanøy Island Lodge. I tillegg er det fleire rorbuer til utleige på øya.

Siste helga i juni arrangerast musikkfestivalen Havblikk der mange kjende artistar har opptrådt, og året rundt er det intimkonsertar på Batalden Ishus.

**facebook.com/bataldensida • havblikk.no • bataldenishus.no • fanoyislandlodge.no • Batalden Landhandel – Tlf. 57 74 25 55**







## THAI ISAAN – BAR & RESTAURANT

**Opplev den beste maten Thailand har å by på i vår familierestaurant i hjertet av Florø.**

Driften av restauranten er på tradisjonellt vis knyttet sterkt innen familien.
I Florø er det Nadda Skarstein og hennes familie som danner grunnlaget.


### 7. Reksta / Rognaldsvåg

Øya Reksta strekker seg frå Selvåg i aust til Rognaldsvåg i vest. Her finn du godt merkte turløyper – Reksta på langs – over Storefjellet, Vasslifjellet og Harefjellet. Sunnivaleia er merka langs sjøen på sørsida. Ein tur i Trollhola på nordsida er ei spennande oppleving. Med nyasfaltert veg eignar øya seg godt for sykkel.

Skuleplassen i Rognaldsvåg er ein god møteplass, med ballbinge og nytt leikeapparat. I skulen på indre Reksta er det gardsutsal, med lokale produkt.

Det er fleire gode hamner på øya, bubilparkering og mange overnattingsstader på airbnb. Rutebåtkaia (skyss.no) og nærbutikken finn du i Rognaldsvåg.

**havglimt.no • rekstakjellaren.no**



### 8. Svanøybukt

**Butikk, kro og gjestehamn på Sunnfjords perle!**

Gjestebrygga har straum og vatn, og servicebygget med fri bruk av dusj, toalett, vaskemaskin og tørketrommel er ope heile døgnet. Gratis Wi-fi på land.

På Svanøy Handel kan du leige syklar. Her finn du og det aller meste du kan treng av dagligvarer.

**Svanøy Handel +47 468 29 215**
**Svanøy Kro +47 482 94 043**

Sjå **seglinn.com** for oppdatert informasjon.






### 9. Stavang gjeste- og bubilhamn

På fastlandet ved innløpet til førdefjorden ligg vakre Stavang. Gjeste- og bubilhamna til Nærbutikken Stavang Landhandel har mykje av det ein kan ønskje seg når ein tar ein tur med båt eller bil. Her er det eit godt serviceanlegg med dusj, vaskemaskin og tørketrommel og naturlegvis landhandel der du får det meste av daglegvarer, fiskeutstyr med meir. Strøm er tilgjengeleg for både båt og bil.

Nordsjøløype med fire ulike turar – alt etter om du vil gå ein topptur til Skålefjellet eller ein meir avslappa tur ut i Langeneset for å sjå restar etter ein gravhaug frå vikingtida.

**Tlf. 57 74 85 12 • narbutikken.stavang@narbutikken.no**



### 10. Askvoll Sentrumshamn

**Midt i leia. Midt i sentrum!** 50 gjesteplassar i ei av Sunnfjords finaste Perler! Gratis straum, dusj og klesvask for alle våre betalande gjestar. Ta ein tur i oppmerka løyper i vakker natur, spel sandvolleyball og bad på stranda, la ungane utforske leikeplassen, eller ballbingen ved skulen. Eller shopping – for du ankrar opp midt i sentrum: Butikkar, vinmonopol, jernvare, kle, elektro, båtutstyr, fiskeutstyr, post, kro, hotell, pub, verkstad, apotek, lege, bilutleige. Alt ligg eit steinkast frå hamna! Bensin/diesel og vatn på kaia. Askvoll er eit ypparleg utgangspunkt for å oppleve Alden, Bulandet, Dalsfjordbrua og Helle Fabrikker! Kontakt: AutoMarin AS tlf 57 73 35 55 (ope til 22.00).

### 11. Korssund Gjestehamn

Møtestad for gamal og ny tid! Gjestehamna ligg lunt og idyllisk til, og har om lag 30 båtplassar ved flytebrygger, I tillegg til ein liten campingplass, Innseglinga er god og trygg både frå sør og nord. (ca. 3.5 m djupne). Sanitæranlegg, ballplass, utesjakk, Joker-butikk, alt ved bryggekanten. Trådlaust nettverk og barnevennleg badevik. Kortautomat for drivstoff: bensin 98 okt., farga diesel og blank diesel.

Steinkrossen frå ca. 1030 finn du her. Nordsjøløype og andre godt til rettelagde turløyper. Korssund Gjestehamn er den idielle hamna for fred og ro. Velkommen innom!

Joker Korssund





### 12. Sørbøvåg Brygge – FjordKick

Flott gjestehamn med gode kvalitetar. Betongflytebrygger/kai, straum, vatn, bensin/diesel/gass, WC/dusj/vask/tørk, trådlaust internett, pub, velassortert butikk m/ fiske- og båtutstyr, ferske bakevarer, apotek, post, tipping, rikstoto samt sykkel-, kajakk-, båt- og hytteutleige. Mindre enn 100 m frå gjestehamna finn du Hamneparken med bl.a. badestrand, fotballbane, sandvolleyballbane, bordtennis, hesteskokasting, balansepark, grillhytte og sittegrupper med utegrill. Hamna, som ligg midt i Nordens største kvernsteinsbrot frå vikingtida, er eit glimrande utgangspunkt for både sykkel-, kajakk-, båt- og vandringsturar – men også for fred og ro.

**fjordkick.no · Tlf. 97 96 22 30 · FjordKick**



### 13. Hardbakke hamn

I Solund finn du ei flott gjestehamn, lun og idyllisk. I hamneområdet finn du straumuttak, wifi, vatn og renovasjon, serviceanlegg med dusj, vaske- og tørkemoglegheiter, ei nydeleg barnevenleg badevik, grindabygg og grillplass. Butikksenter, matservering, turistinformasjon og overnatting finst i gåavstand frå hamna. Ved idrettsparken finn du kunstgrasbane, friidrettsanlegg, 18-hols frisbeegolfbane og skatepark, samt merka turstiar. Hardbakke sentrum er utgangspunkt for øyhopping med båt gjennom Solund til Bulandet og Værlandet, og båtturar til Utvær – Noregs vestlegaste punkt. Det er utleige av kajakk, sup, sykkel, nærleik til leikeplass og villsausafari.

*Velkomen til Solund!*

**solund.kommune.no**



### 14. Eivindvik

Velkommen til Eivindvik, det pulserande hjartet i Gulen kommune. Her finn du alle sentrumsfunksjonar med båtplassar ved flytebrygge og kai. Reisetilbodet vårt er i utvikling, følg oss år for år: **Eivindvikbrygge.no**

Eivindvik har ei rik vikinghistorie. Kort veg til Steinkrossar frå vikingtida og den historiske møtestaden for Gulatinget (900 - 1300). Truleg grunnlagt av kong Harald Hårfagre. Vikingane kom hit for å møte kongen, drøfte politiske spørsmål, vedta lover og dømme i saker. Besøk også Prost Niels Griis Alstrup Dahls prestegard med særprega steinmur.

Her er merka turløyper til fjells. Gode fiskeplasser.
Digital historisk vandring: **kulturvandring.no**
3 km til Gulatinget med båthamn: **gulatinget.no**

### 15. Skjerjehamn

Den perfekte getaway sidan 1641, halvannan time frå Bergen med enten bil eller båt ønsker statuen av Kong Olav V deg velkommen. Lad batteria og få kulturelt påfyll gjennom utstillingar og konsertar. Skjerjehamn er opent heile året. Her får du store naturopplevingar med sjø og turløyper like ved kaia. På landhandelen får du kjøpt ein kopp kaffi og vaffel, og på sommaren har vi ein del kolonialvarer. Restauranten på kaia har à la carte-meny. Skjerjehamn er den perfekte staden å feire små og store dagar. Når det yrer av folk på kaia kan ein fornemme korleis det ein gong var på Skjerjehamn. Vi vil dele alt det vakre denne plassen har å by på med alle gjestane som finn vegen hit!

**skjerjehamn.no**






### Skjerjehamn

Det eldste skriftlige beviset på gjestgiveri på Skjerjehamn, stammer helt tilbake til et brev fra 1641. I dag kan du fortsatt oppleve historiens sus i den vakre sveitservillaen, hvor tiden nesten har stått stille. Sveitservillaen er modernisert, men den tradisjonelle stilen er nøye bevart.

Skjerjehamn holder åpent hele året og er en ideell møteplass – enten det er for firmasamlinger, festlige anledninger eller bare et rolig avbrekk fra hverdagen. I Pakkhuset finner du restauranten med en à la carte-meny og en varm, ekte atmosfære som gir deg en smak av det autentiske kystlivet.

HANDELSSTED SKJERJEHAMN 1641

KYSTMUSEET I SOGN OG FJORDANE



**Velkommen til Kystmuseet i Sogn og Fjordane!**

Du finn oss ein kort tur frå Florø sentrum. Her kan du oppleve den unike båtsamlinga vår, spasere blant sjøhus og lære meir om Florø by. Etter godt kulturhistorisk påfyll kan du slappe av med kaffi og noko munngodt i kaféen.

misf.no/kystmuseet

MH24

Din lokale leverandør av drivstoff til sjø og land

Du finner MH24-automatstasjoner fra Sognefjorden til Ålesund.

Med MH24 kort får du rabatt på kvar tanking – søk enkelt på mhservice.no




Telefon: 57 85 36 50 · E-post: post@mhservice.no

**mhservice.no**


Dette kartet er ikkje eit navigasjonskart, men eit kart til bruk for reiseplanlegging langs kysten. Gjeldande sjøkart for kysten av Sogn og Fjordane er sjøkartnr. 24–29.

Avstandar i nautiske mil (nm):

| Frå Bergen til: | | Frå Ålesund til: | |
|---|---|---|---|
| Mjømna | 36 nm | Selje | 53 nm |
| Hardbakke | 47 nm | Måløy | 64 nm |
| Askvoll | 67 nm | Kalvåg | 84 nm |
| Florø | 88 nm | Florø | 96 nm |
| Kalvåg | 100 nm | Askvoll | 117 nm |
| Måløy | 116 nm | Hardbakke | 137 nm |
| Selje | 127 nm | Mjømna | 148 nm |

